

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer
FØRETAK: Helse Vest RHF

DATO: 02.09.2015
SAKSHANDSAMAR: Terje Olav Øen/Ingvill Skogseth
SAKA GJELD: **Mobildekning i tunnellar**

ARKIVSAK: 2012/644
STYRESAK: **089/15**

STYREMØTE: **21.09. 2015**

FORSLAG TIL VEDTAK

Styret i Helse Vest tek saka til orientering, og ber Statens vegvesen vurdere risikobilete meir omfattande enn kun bruk av årsdøgntrafikk som kriterie for om tunnelar skal ha naudnett eller ikkje.

Oppsummering

Manglande samband i tunellar (mobildekning og Naudnett) har gitt utfordringar knytt til kommunikasjon i tunnelar og innsats ved tunnelulukker.

Fakta

I Helse Vest sitt sørge for- ansvar for spesialisthelsetenesta, ligg også ansvar for mottak av naudmelding på medisinsk naudhjelpsnummer 113 ved dei fire AMK-sentralane. Dette inneber også oppfølging av hendingar der mellom anna ambulanseressursar rykker ut, ofte saman med kommunale helseressursar som legevakt og brannmannskap.

Nasjonalt er det ca. 900 tunnelar og 800 km veg i tunnel. I tillegg kjem jernbanetunnelar. Ein høg del av desse, og dei lengste tunnelane ligg på Vestlandet. Vi har mellom anna 24 vegtunnelar som er over 3000 m i vårt dekningsområde. Nokre av desse er undersjøiske.

Fleire alvorlege ulukker og brannar i tunnelar set fokus på kva beredskap samfunnet har for å takle desse. Denne saka forsøker å svare ut utfordringar kring kommunikasjon i tunnelar og innsats ved tunnelulukker.

Kommentarar

Nytt Naudnett

I utbyggingsfase 3, som omfattar Helse Vest, er no naudnett hovudsakleg ferdigstilt. Helse Stavanger og Helse Fonna har tatt det i bruk, og hausten 2015 vil også legevaktsentralane i Helse Fonna bli knytt til naudnettet. Legevakttenesta i Sør-Rogaland starta bruken våren 2015.

AMK Bergen og AMK Førde med tilhøyrande ambulanseteneste tek nettet i bruk i veke 43/44. Legevaktsentralane vert kopla til nettet 1. kvartal 2016. Utrykkande legar og ambulansar tek det i bruk frå veke 43. Politi har starta bruken, og brannverna er snart fullverdige brukarar. Innsats ved ulukker og alvorlege hendingar vil såleis nytta naudnettet som kommunikasjonsverktøy. I tillegg skal naudnettet ivareta trongen for kommunikasjon i dagleg drift.

Mobiltelefonar vert nytta som sekundærsamband og som kommunikasjonsberar for kartterminalar og informasjonssystem knytt til einsskilde oppdrag, samt overføring av pasientdata m.a. EKG. Den akuttmedisinske kjede er såleis avhengig av to kommunikasjonsnett for at informasjonsutveksling mellom AMK, ambulanse, legevakt og akuttmottak skal fungere.

Behov for tunnelsamband

Dagleg drift

Den prehospitalt verksemda, som til dagleg utfører eit stort tal ambulanseoppdrag, har i dagleg drift trong for kommunikasjon også når dei køyrer i dei mange tunnelane på Vestlandet. Behov for samband med ambulansar, legevaktlegar og politi, som til dels dekker store vakt-distrikt, er viktig med tanke på beredskap og rullande vaktordningar langs vegane.

Redningsinnsats

Ved innsats i tunnelulukker er det viktig at alle naudetatane kan samvirke, og felles kommunikasjon vil ofte påverke resultatet av dette arbeidet. Det er etablert felles talegruppe for slik innsats, og dette inneber at ein kan snakke saman i tunnelen, på begge sider av tunnelen og redningsressursane vil kunne snakke med eigne fagsentralar, mellom anna AMK-sentralane. Alle AMK-sentralane kan også delta i kommunikasjonen samstundes, noko som er styrt av felles prosedyrar. For innsatsleiinga er det viktig å ha godt samband med personellet sitt og kunne ivareta nødvendige tryggingsskrav også under innsats.

Tunnelredning medfører stor risiko for dei som må utføre innsats inne i tunnelen, og då er det viktig at ein kan kome til unnsetning eller trekke personell tilbake under særleg risikofylte hendingar. Det kan etablerast alternative kommunikasjonsløyser som ein har med seg på utrykking til tunnelhendingane, men desse er ikkje særleg eigna i tunnelar som har lengde på meir enn 4-500 meter. Desse reserveløyserane kan i særskilde høve gje radiodekning inntil 1000 m inn i ein tunnel, alt etter utforming av tunnelen med omsyn til kurver og strekningar.

Utbygging av kommunikasjonsløyser.

Statens vegvesen opplyser i svarbrev av 1. juni 2014 at Direktoratet for naudkommunikasjon (dNk) og Statens vegvesen har avtalt at alle tunnelar med lengde på meir enn 500 m og årsgjennomsnitt (ÅDT) over 5000 køyrety skal ha radiodekning. Vidare at alle tunnelar som har hatt helse radiodekning tidlegare skal ha kommunikasjonsløyser. Norske tunnelar vil støtte kravet i Tunnelsikkerheitsforskrifta som stiller krav til samband i tunnelar over 1000 m og ÅDT over 4000. I tillegg vil alle nye (etter 2006) riksveg tunnelar over 500 meter få naudnett.

Helsedirektoratet opplyser i sitt svarbrev av 20. november 2013 at ein oppfatar at teleberedskap har fått høgare prioritet og er meir robust. Det er likevel å forvente at ein brann i Gudvangen-tunnelen vil medføre bortfall av mobiltelefoni. Publikum si varsling av ulukker i tunnel vil måtte skje ved hjelp av naudtelefonar som er sett opp med regelmessig mellomrom. Vegtrafikksentralen vil då kunne sjå kvar hendinga er i tunnelen. Mobiltelefon vil kunne nyttast så lenge det er mobildekning i tunnelen, men dette gjev ofte ikkje god informasjon om kvar ulukka er skjedd.

Naudnett i tunnelar

Det er utarbeidd eit oversyn som viser kva tunnelar som har naudnett. Det er fleire tunnelar i Helse Vest med lengde på fleire kilometer som ikkje har dekning. Helse Fonna er uroa over manglande naudnettdekning i til dømes Haukelitunnelen på E134. På Vestlandet er det mange lange tunnelar men med ÅDT mindre enn 4000 og dermed ikkje krav til radiosamband.

Det ligg ved eit oversyn over tunnelar som skal ha naudnettdekning på Vestlandet.

Operativ trening og samøvingar

Dersom ein skal få gevinstar av naudnett både i og utanfor tunnel, har alle etatane eit felles ansvar for at innsatspersonell er godt øvd og handterer kommunikasjonssystema under sterkt press i einskilde akutte hendingar. Dette er eit viktig moment å ha med dersom ein skal få samfunnsnytte av relativt dyre investeringar knytt til installasjonar i tunnelar. Erfaringar frå både tunnelulukker og beredskapsøvingar tidlegare, har vist at redningsressursane ikkje alltid har vore like flinke i bruk av samband. Her kan ein kome langt med enkle felles øvingar i dagleg teneste.

Konklusjon

Godt utbygd naudnett langs vegane våre vil sikre helsepersonell og andre naudetater tilgang til kommunikasjon i dagleg drift. Ved redningsinnsats saman med andre naudetater er det viktig med gode sambandsforhold. Ulukker og brann i tunnel kan være krevjande innsatsar, der det er særskild trong for god kommunikasjon for å ivareta innsatspersonellet sin tryggleik og evne til å hjelpe pasientar og andre som omfatta av hendinga.

Manglande årsdøgntrafikk på 4000 bilar, som ligg til grunn for vurdering av om tunnelar skal ha naudnett eller ikkje kan slå ut uheldig for mange vegsamband på Vestlandet. Helse Vest er opptatt av å sikre god kommunikasjonsdekning i dagleg drift og ved beredskapshendingar. Det er ynskjeleg at ein også kan legg skjønsmessige vurderingar sterkare til grunn når Statens Vegvesen vurderer trong for radiodekning eller ikkje. Det må også leggast vekt på risikomoment knytt til mange turistbussar og transport av farleg gods, store vogntog m.m. som det er mykje av på vestlandsvegane.

Vedlegg:

Tunellar med nødnett per august 2015 - oversikt